

Stord vaksenopplæring
Postboks 304
5402 Stord

Tlf: +47 53496777

Til IKVO
v/ Vibeche Holte

Sak til landsmøtet: Norsk kultur og verdier

Frå og med 01.09.18 er alle vertskommunar til asylmottak pålagt å arrangere kurset «Norsk kultur og verdier» på 50 timar, for alle asylantar som er i målgruppa for kurset. For Stord VO er det per dato 49 asylantar i målgruppa, fordelt på 15 ulike språkgrupper. Kwart kurs er på 50 timar, og etter mi berekning for tilhøva på Stord VO, vil kvar time koste rundt 1500,-. Dette betyr at kvart kurs vil koste 75.000,- kr.

Om vi har dette kurset for den største språkgruppa som vi har per dato, så tel den 12 personar. Tilskotet per person er 3800,- x 12 personar = 45.600,-. Dette betyr at Stord kommune får ein kostnad på 29.400,- for å gjennomføre eit kurs som ein er pålagt av staten til å gjennomføre. Dette rekneeksempelet er som sagt basert på den største språkgruppa. Vi har m.a. 4 språkgrupper med 2 personar, og 5 språkgrupper med 1 person! Og dette er språkgrupper som ikkje kan slåast saman. Og vi har plikt til å arrangere kurset for alle i målgruppa.

Utrekning av timesats per kurs:

• 1t lærarløn m/ sosiale utgifter	800,-
• Opplæring av ny lærar estimert til 5000,-	100,-
• Tolk (ev. språkassistent ?) inkl reise og diett	450,-
• Administrasjonsutgifter 8,5t á 900,-	150,-
Totalt	1500,-

Ut ifrå dette reknestykket og status på målgruppa per dato, får Stord VO ei utgift på 1.125.000,- og i tilskot blir det 186.200,-. Totalt får Stord kommune ei ekstra utgift på 938.000,-, på grunn av ei oppgåve pålagt frå staten.

Eg har sjølv arbeidd som leiar på asylmottak i 8 år og veit kor rask utskifting det er blant bebuarmassen. Nokre kjem til, medan andre flyttar ut i ein høg frekvens. Dette fører til mykje ekstra administrasjon + med små språkgrupper er det ein stor risiko at kommunen må betale løn til lærarar som ikkje lenger har elevar på gruppa si.

Dei fleste VO gjennomfører dei obligatoriske 50 timars kursa i samfunnskunnskap. Mi erfaring er at VO på større stader har tilsett språkassistent / morsmålslærar som er lærarar på desse kursa. For VO på mindre stader er det ikkje så enkelt å rekruttere språkassistent / morsmålslærar. Her blir då timane i samfunnskunnskap gjennomført, når deltakarane kan forstå dette kurset på norsk. Når VO på mindre stader blir pålagt

å gjennomføre «Norsk kultur og verdier», må det i stor grad gjennomførast med tolk som er til stades, for dei skal gjennomførast på eit språk som deltakarane forstår. Dette blir då ei ekstra utgift for små VO.

Eg har no undersøkt litt i ein skilde kommunar som har integreringsmottak. For der har dei vore pålagde å halde dette kurset ei stund. Eg får stadfesta at dette kurset ikkje går i balanse økonomisk; utgiftene er himmelhøgt store i høve til det som er løyvd i tilskot.

Eit anna moment som desse kommunane tek fram, er at dette kurset skil seg veldig lite ut frå 50t kurset i samfunnskunnskap. Kurset i samfunnskunnskap blir jo automatisk obligatorisk for dei asylsøkjjarane som får løyve om opphald. I tillegg skal alle asylmottak gjennomføre sine eigne rullerande informasjonsprogram, initiert av UDI, som også inneheld mykje av dei same temaa. Mi tese er at med «Norsk kultur og verdier», fører det til ei metting av informasjon til den ein skilde asylsøkjjar, som kan verke demotiverande for vidare læring og integrering i det norske samfunnet.

Framlegg til resolusjon:

IKVO krev at kurset «Norske verdier og kultur» må fullfinansierast, slik at kommunen ikkje går med tap.

Dessutan bør myndigheitene sjå på det allereie eksisterande og innarbeida 50-timars kurset i samfunnskunnskap og kurset norsk kultur og verdier i ein samanheng, da det er lite tenleg å gjennomføre to kurs som er så like.

Stord 11.09.18



Steinar Rosset
rektor

Stord vaksenopplæring